

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	17.02.2011	006/11	LTA
Formannskapet	03.02.2011	015/11	LTA

Avgjerslemynde: Kommunestyret Sakshandsamar: Leif Taule	Arkiv: K2-U63 Objekt:	Arkivsaknr 11/61
--	--	----------------------------

SKJENKETIDER I RADØY KOMMUNE

Dokumentliste/vedlegg:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	26.01.2011	Bøvågen øl og vinstue AS	Søknad om utvida skjenketider for utandørs skjenking

Saksutgreiing:

Radøy kommunestyre handsama i møte 29.06.2004, sak 046/04, sak om skjenketider i Radøy kommune, og det vart gjort slikt vedtak:

”Radøy kommune innfører frå 1. juli 2004 følgjande retningslinjer for skjenketider:

- Skjenketida for øl og vin frå kl. 08.00 til kl. 01.00 – med unntak av søn- og helgedagar då skjenketida er frå kl. 12.00. På fredagar og lørdagar og på kvardagar før helgedagar er skjenketida for øl og vin frå kl. 08.00 til kl. 02.00.*
- Skjenketida for brennevin er frå kl. 13.00 til kl. 24.00. På fredagar og lørdagar og kvardagar før helgedagar er skjenketida for brennevin frå kl. 13.00 til kl. 01.00.*
- For uteservering, er skjenketida for øl og vin frå kl. 09.00 til kl. 23.00. For uteserveringar som har løyve til skjenking av brennevin, er skjenketida for brennevin frå kl. 13.00 til kl. 23.00*
- For stader som har skjenkeløyve til slutta selskap, er skjenketida for øl og vin frå kl. 09.00 til maks. kl. 02.00. For brennevin er skjenketida frå kl. 13.00 til maks. kl. 02.00 med opningstid til maks. kl. 02.30:”*

Radøy kommune har mottatt søknad frå Bøvågen øl og vinstue om å få utvida skjenketidene utandørs på terrassen. Med gjeldande vedtak for skjenketider i Radøy, må uteserveringa stengjast kl. 23.00. Dette inneber store utfordringar for verksemda m.a. med ekstra vakthald og forklaringsproblem overfor kundane, og dei ynskjer difor at det er same skjenketider både ute og inne. Dei peikar på at terrassen er bygt med sikte med havutsikt, og oppført med støyhemmande rekkverk, tjukkare veggjar og vindauge for å ta omsyn til omgjevnadane (naboar) noko som verksemda brukte ein god del pengar på for at uteservering skulle vera eit tilbod til kundane. Verksemda peikar også på at det er god avstand til naboar og meiner at støynivået er minimalt sjølv på dagar med gode besøkstal.

Saka er sendt politiet og NAV til uttale. Uttale frå politiet følgjer vedlagt.

Rådmannen har forståing for problemstillingane som vert tatt opp i søknaden frå Bøvågen øl og vinstue, og ser det slik at ein bør prøva ut ei ordning med same skjenketider både inne og ute. Med dei skjenkeløyve som er tildelt pr. i dag, ser ikkje rådmannen dei store utfordringane

med ei slik endring i skjenketidene – men det kan gjerne vera ei prøveordning ut noverande løyveperiode dvs. fram til 30.06.2012. Ein vil då få erfaring med nye utandørs skjenketider ein periode og saka kan såleis vurderast på ny ved tildeling av nye løyve for ny løyveperiode.

I tillegg til problemstillinga kring utandørs skjenketider, ser rådmannen trong for ei presisering i pkt. 2 og 3 slik at ”store” utedagar i jule- og påskehelga, samt 1. og 17. mai kjem med på lik linje med fredagar og lørdagar. Det viser seg at verksemdene ofte søkjer om utvida skjenketid for enkelthøve for ein del av desse dagane.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune innfører følgjande retningslinjer for skjenketider:

- a. Skjenketida for øl og vin er frå kl. 08.00 til kl. 01.00 – med unntak av søn- og helgedagar då skjenketida er frå kl. 12.00. På fredagar, lørdagar, kvardagar før helgedagar og offentlege høgtidsdagar, samt for 1. og 2. juledag, skjærtorsdag, langfredag, 1. påskedag, 1. og 17. mai, er skjenketida for øl og vin frå kl. 08.00 til kl. 02.00.
- b. Skjenketida for brennevin er frå kl. 13.00 til kl. 24.00. På fredagar, lørdagar, kvardagar før helgedagar og offentlege høgtidsdagar, samt for 1. og 2. juledag, skjærtorsdag, langfredag, 1. påskedag, 1. og 17. mai, er skjenketida for brennevin frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
- c. Skjenketida for uteservering vert dei same som skjenketida innandørs i ein prøveperiode fram til 30.06.2012. Formannskapet får fullmakt til å gjera dette til ei permanent ordning dersom ikkje erfaringar i prøveperioden tilseier noko anna.
- d. For stader som har skjenkeløyve til slutta selskap, er skjenketida for øl og vin frå kl. 09.00 til maks. kl. 02.00. For brennevin er skjenketida frå kl. 13.00 til maks. kl. 02.00 med opningstid til maks. kl. 02.30.

03.02.2011 FORMANNSKAPET

Grethe Lunde (KrF) gjorde framlegg om at det ikkje vert gjort endringar i pkt. c, dvs. at ein held på noverande reglar for utandørs skjenking.

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta pkt. a, b og d i rådmannen sitt framlegg til vedtak. Pkt. c vart tilrådd med 6 mot 1 røyst (KrF)

FS-015/11 VEDTAK:

Radøy kommune innfører følgjande retningslinjer for skjenketider:

- a. Skjenketida for øl og vin er frå kl. 08.00 til kl. 01.00 – med unntak av søn- og helgedagar då skjenketida er frå kl. 12.00. På fredagar, lørdagar, kvardagar før helgedagar og offentlege høgtidsdagar, samt for 1. og 2. juledag, skjærtorsdag, langfredag, 1. påskedag, 1. og 17. mai, er skjenketida for øl og vin frå kl. 08.00 til kl. 02.00.
- b. Skjenketida for brennevin er frå kl. 13.00 til kl. 24.00. På fredagar, lørdagar, kvardagar før helgedagar og offentlege høgtidsdagar, samt for 1. og 2. juledag, skjærtorsdag, langfredag, 1. påskedag, 1. og 17. mai, er skjenketida for brennevin frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
- c. Skjenketida for uteservering vert dei same som skjenketida innandørs i ein prøveperiode fram til 30.06.2012. Formannskapet får fullmakt til å gjera dette til ei permanent ordning dersom ikkje erfaringar i prøveperioden tilseier noko anna.
- d. For stader som har skjenkeløyve til slutta selskap, er skjenketida for øl og vin frå kl. 09.00 til maks. kl. 02.00. For brennevin er skjenketida frå kl. 13.00 til maks. kl. 02.00 med opningstid til maks. kl. 02.30.

17.02.2011 KOMMUNESTYRET

Grethe Lunde (KrF) gjorde framlegg om at det ikkje vert gjort endringar i gjeldande retningslinjer for skjenketider i Radøy kommune.

Kommunestyret vedtok formannskapstilrådinga med 21 mot 4 røyster (2KrF, Skjelvik og Borgund)

KS-006/11 VEDTAK:

Radøy kommune innfører følgjande retningslinjer for skjenketider:

- a. Skjenketida for øl og vin er frå kl. 08.00 til kl. 01.00 – med unnatak av søn- og helgedagar då skjenketida er frå kl. 12.00. På fredagar, lørdagar, kvardagar før helgedagar og offentlege høgtidsdagar, samt for 1. og 2. juledag, skjærtorsdag, langfredag, 1. påskedag, 1. og 17. mai, er skjenketida for øl og vin frå kl. 08.00 til kl. 02.00.
- b. Skjenketida for brennevin er frå kl. 13.00 til kl. 24.00. På fredagar, lørdagar, kvardagar før helgedagar og offentlege høgtidsdagar, samt for 1. og 2. juledag, skjærtorsdag, langfredag, 1. påskedag, 1. og 17. mai, er skjenketida for brennevin frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
- c. Skjenketida for uteservering vert dei same som skjenketida innandørs i ein prøveperiode fram til 30.06.2012. Formannskapet får fullmakt til å gjera dette til ei permanent ordning dersom ikkje erfaringar i prøveperioden tilseier noko anna.
- d. For stader som har skjenkeløyve til slutta selskap, er skjenketida for øl og vin frå kl. 09.00 til maks. kl. 02.00. For brennevin er skjenketida frå kl. 13.00 til maks. kl. 02.00 med opningstid til maks. kl. 02.30.